



## Innkalling til Kommunestyret

**Møtedato:** 12.09.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 15.00

Medlemmene i kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

**Victor Ebbesvik frå KS vil presentere resultat frå innbyggerundersøkelsen lokaldemokrati.**

**Næringsrådgjevar John Fredrik Wallace presenterer resultat frå pendlaranalysen.**

### Sakliste

Saknr	Tittel
51/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
52/2018	Godkjenning av møtebok
53/2018	Referatsaker
54/2018	Orientering om status Alver kommune
55/2018	Oppdatering av reglement for Finans- og gjeldsforvaltning
56/2018	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport - Vedtaksoppfølging Meland kommune
57/2018	Retningslinjer for behandling av søknad om skuletilhør etter opplæringslova § 8-1
58/2018	Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale
59/2018	Val av ny leiar, ny nestleiar og nytt varamedlem til råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMF)

5. november 2018

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Helene Hilland  
konsulent

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	18/1812

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
51/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	18/1812

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
52/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.06.18**

**Vedlegg:**

Protokoll - Kommunestyret - 20.06.2018

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 20.06.18 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	18/1812

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
53/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
53/2018.1	NGIR - Årsmelding 2017
53/2018.2	Nordhordlandspakken - Overordna framdriftsplan

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FE - 033	18/1812

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
54/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Orientering om status Alver kommune

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 217	17/1375

<b>Saknr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
72/2018	Formannskapet	PS	29.08.2018
55/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Oppdatering av reglement for Finans- og gjeldsforvaltning

### Vedlegg:

Reglement for Finansforvaltning Meland kommune 21.08.2018

Sak 64-2017 i FS 31.05.2017 - Finansreglement

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Sak om oppdatering av kommunen sitt gjelds- og finansreglement vart vedteken i formannskapet 31. mai 2017 (sak 64/2017), men ikkje sendt vidare til kommunestyret. Saksutgreiing frå handsaminga og vedtaket i formannskapet følgjer vedlagt saman med det oppdaterte framlegget til nytt reglement.

#### Vurdering

Saka vart ikkje teke vidare til kommunestyret fordi det var ønskjeleg med ny gjennomgang der vi mellom anna avklara og avstemte reglementet mot reglementa i Lindås og Radøy kommunar. Det er fortsatt nokre ulikheter i reglementa, særleg knytt til forvaltning av langsiktige aktiva. Lindås har betydelege midlar til forvaltning, og dermed ei anna risikovurdering enn det Meland kommune legg til grunn. Per i dag har ikkje Meland aktiva klassifisert som langsiktige, og det er heller ikkje aktuelt i tida fram til kommunesamanslåinga, at vi opparbeider oss slik overskotskapital.

Vi ynskjer no å slutføre saka, og oppdatere reglementet etter forskriftsendringane som vart gjeldande frå 1. januar 2017. Det er i tillegg til endringane spesifisert i saksutgreinga frå sak 64/2017 gjort nokre mindre tekst-endringar for å få det meir i amsvar med Lindås kommune sitt reglement.

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg datert 21.08.2018 som nytt reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Meland kommune.

### Formannskapet - 72/2018

#### FS - behandling:

**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg datert 21.08.2018 som nytt reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Meland kommune.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FE - 217, FE - 040	18/2050

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
73/2018	Formannskapet	PS	29.08.2018
56/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport - Vedtaksoppfølging Meland kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret handsama i møtet 02.05.18 forvaltningsrevisjonsrapporten *Vedtaksoppfølging, Meland kommune, jf sak nr 27/18*. Kommunestyret slutta seg til revisjonen sine tilrådingar og konklusjonar. Det vart såleis tilrådd at administrasjonen bør:

- Ta stilling til kva informasjon rådmannen treng om ulike vedtak og etablere interne rapporteringskrav som gjev denne informasjonen.
- Utarbeida ei heilskapleg oversikt over politiske vedtak som er til administrativ handsaming, føresetnadene i vedtaka, samt om og kva tid det skal rapporterast tilbake til politisk nivå.
- Ta stilling til korleis WebSak Fokus bør nyttast for å gje ei systematisk og heilskapleg oversikt og styring av vedtaksoppfølginga, og sikra at tilsette har tilstrekkeleg systemkunnskapar for å ivareta dette einskapleg.
- Etablere eit system for å melde tilbake til politisk nivå i tråd med føresetnadene i vedtaka, og sikra at saksframlegga refererer til saksnummeret og eventuelt innhaldet i det opphavlege vedtaket.

Rådmannen vart vidare bedt om å følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit prosjekt med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune. Prosjektet sitt overordna mål er å utvikle system og rutinar for ei god vedtaksoppfølging i Alver kommune.

Frist for å komme med tilbakemelding til kommunestyret vart sett til 01.10.18.

#### Vurdering

Oppfølging av politiske vedtak og rådmannen si tilbakemelding til kommunestyret er ein viktig del av lokaldemokratiet og også svært viktig for styring og drift av kommunen. Dette følgjer m.a. av kommunelova §23 om administrasjonssjefen sine oppgåver og plikter.

I dei konkrete sakene som revisjonen gjekk gjennom som grunnlag for rapporten, er det på det reine at tilbakemeldinga i mange tilfelle kunne vore meir tydeleg. Det bør m.a. etablerast som ein rutine at det i oppfølgingssaker vert vist til saksnr. på saka der bestillinga vert gjort. Det er også viktig at framlegg til vedtak er tydelege og har ei klar råde/tidsfrist. Rådmannen må då få høve til å gi uttrykk



for om oppgåva m/tidsfrist er realistisk i høve tilgjengelege resursar og andre turvande oppgåver. Rådmannen må melde tilbake til det organet som fatta vedtaket dersom tidsfrista/råmene vil bli overskriden.

Meland kommune har eit oppfølgingsystem, der rådmannen sender dei politiske vedtaka som krev oppfølging til aktuell tenesteområdeleiar, rådgjevar eller saksbehandlar. Rapportuttak gjennom WebSak Fokus gir oversikt over kven som har ansvar for å følgje opp den enkelte saka. Rådgjevarmøta har i nokon grad blitt nytta som arena for gjennomgang av denne fordelinga, men det er nå innført som fast programpost på desse møta. Utsjekk av status for andre leiarar/saksbehandlarar må då gjerast i tillegg.

Det er grunn til å understreke at alle slik manuelle rutinar har sine svake sider. Dei er arbeidskrevjande, og det er har lett for å «glippe», sjølv om intensjonane er gode. Den optimale løysinga på dette vil difor vere innføring av Acos Ledelsesmodul eller tilsvarande. Innkjøp av denne modulen har vore vurdert, men det har vore vanskeleg å gi prioritet til dette tiltaket i budsjettmessig samanheng. Modulen eller tilsvarande/alternativ løysning vil bli truleg bli tatt i bruk i Alver kommune.

Med tanke på at det er kort tid til etableringsdato for Alver kommune, ser rådmannen det som fornuftig at dei fleste av dei tilrådde tiltaka vert løyst gjennom system og organisering i den nye kommunen. I samaslåingsprogrammet er det mange prosjekt og delprosjekt som allereie er i prosess og fleire står for tur ut over hausten 2018 og i 2019. Eit prosjekt som tar for seg eit heilskapleg system for vedtaksoppfølging og rapportering vil etter det programansvarleg i Alver kommune opplyser, bli etablert i løpet av våren 2019.

Rådmannen vil i dei komande månadene ha spesielt merksemd på oppfølging av vedtak som må få prioritet, i tida frem mot etableringa av Alver kommune.

#### **Oversyn tiltak:**

- Oppfølging av politiske vedtak som fast sak på rådgjevarmøta.
- I oppfølgingsaker skal det visast til bestillingssaka.
- Tydelege bestillingar/vedtak frå politiske organ.
- Rådmannen skal gi tilbakemelding til aktuelt politisk organ derom tidfrista vil bli overskriden.
- Etablering av prosjekt for system og rutinar for vedtaksoppfølging i Alver kommune i løpet av våren 2019.

#### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek orientringa til vitande og ber rådmannen om å følgje opp tiltaka opplista i saksutgreinga.

**Formannskapet - 73/2018**

**FS - behandling:**

**Framlegg til tilleggstekst i møtet:**

**Oversyn tiltak punkt 2:**

**Tillegg:** Tidlegare saksframlegg må vedleggast saka.

**Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggstekst i møtet vart samrøystes vedteke.**

**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek orienteringa til vitande og ber rådmannen om å følgje opp tiltaka opplista med ovannenmnde endring i saksutgreinga.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Reidun Elin Johannessen	TI - &00, FA - A20	17/1504

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
38/2018	Utval for levekår	PS	04.09.2018
57/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Retningsliner for behandling av søknad om skuletilhør etter opplæringslova § 8-1

### Vedlegg:

Høyring - Retningsliner for behandling av søknad om skuletilhør § 8-1 i Opplæringslova

Skulekrinsv1 2014

Adresse på skulekrinsar Meland kommune 26.10.2010

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Årleg får kommunen fleire søknadar om inntak på annan skule enn nærskulen. Behandling av desse sakene ligg innanfor kommunen sitt sjølvstyre og frie skjønn. Retningsliner skal gi føringar for behandling av søknader og for skjønnsutøvinga. Retningslinene er basert på lovgrunnlag, forarbeid, praksis frå eigen og andre kommunar og behandling av klagesaker.

#### Vurdering

##### Folkehelse

Ikkje aktuelt

##### Miljø

Ikkje aktuelt

##### Økonomi

I dei sakane der rådmann finn grunnlag for å godkjenne inntak på annan skule enn nærskulen vil kommunen i dei fleste tilfelle måtte dekke utgifter til skyss. Om søknaden er grunngjeven i eleven sine pedagogiske, sosiale og/eller personlege tilhøve, skal skysskostnadar dekkast av kommunen. Det vil uavhengig av lengda føre til ekstra skysskostnader for elevar som trengjer særskilt skyss på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom. For elevar i 1. trinn som får inntak på skule i nabokommunen, vil det føre til ekstra kostand for undervisning i tillegg til skyss. Omfanget av dei auka kostnadene vil vere avhengig av vedtak, og må bli ei vurdering i budsjettarbeid kvart år.

#### Konklusjon

Retningsliner er ein fordel då dei vil gi føringar for behandling av søknader og for skjønnsutøvinga. I enkelte tilfelle vil skysskostnader auke.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for behandling av søknad om skuletilhør etter opplæringslova § 8-1

**Saka skal handsamast i Utval for levekår 04.09.18. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt inn i møteportalen så snart det ligg føre.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FA - F47, FE - 026, TI - &01	18/2044

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
58/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale

### Vedlegg:

Saksutgreiing - Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale  
Prosjektmandat  
Interkommunal samarbeidsavtale. 16.5.18

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Lindås kommune har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til å greie ut felles barnevernkontor med kommunane Radøy og Meland.

I samband med planlegging om bruk av midlane vart utgreiing av felles barnevernkontor sett i samband med kommunesamanslåinga og er ein del av program for bygginga av Alver kommune. Arbeidet er prosjektorganisert og prosjektleiar er tilsett som barnevernleiar for felles barnevern og seinare barneverntenesta i Alver kommune. Under føresetnad om endeleg vedtak i dei tre kommunestyra vert samarbeidet organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28-1 b, med Radøy kommune som vertskommune.

Det er planlagt at dagens tre barnevernstenester vert samlokalisert frå 01.12.2018 i Geco-bygget i Knarvik. Oppstart av vertskommunesamarbeidet vert 01.01.2019 og frå 01.01.2020 vert dette barnevernstenesta i Alver kommune.

#### Vurdering

Det har vore gjort eit omfattande arbeid i prosjektperioden fram mot eit felles barnevern, med mange prosessar både på fag-, personal- og økonomiområdet. Den nye felles barnevernsorganisasjonen er no rigga og ganske klar for å bli sett i drift. Samarbeidsavtalen som ligg føre regulerer forholda mellom samarbeidskommunane i året der Radøy kommune er vertskommune. Felles barnevernsteneste vil styrka barnevernsarbeidet i dei tre kommunane. Det vert vurdert som hensiktsmessig at barnevernstenesta blir slått saman før 01.01.2020 og med dette er rigga og klar til samla å gå inn som barnevernstenesta i Alver kommune frå 01.01.2020.

### Økonomi:

Budsjett og avrekning av kostnader er prega av at kommunane vert Alver kommune frå 2020. Budsjett for 2019 tek utgangspunkt i kvar av kommunane sitt driftsbudsjett i inneverande år, korrigert for venta pris- og lønsvekst, sjå samarbeidsavtalen pkt 8.

### **Konklusjon**

Dei tre kommunane må gjere likelydande vedtak om vertskommuneavtalen, der Radøy vert vertskommune for barnevernstenesta i kommunane Lindås og Meland, fram til 01.01.2020 då felles barnevernsteneste ligg i Alver kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019. Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune. Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 033	18/1971

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
59/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

## Val av ny leiar, ny nestleiar og nytt varamedlem til råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMF)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen har 06.08.18 mottatt e-post frå Anne-Berit Kolås om at ho flyttar frå Meland kommune 08.08.18 og at ho difor må trekkje seg frå vervet som leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMF).

Etter lov om råd eller representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne § 6 skal kommunestyret vedta mandat og samansetjing av rådet. (Reglane for forholdstalsval i §§ 36 og 37 i kommunelova gjeld ikkje.) Etter § 6 skal leiar og nestleiar for rådet oppnemnst av kommunestyret. Organisasjonane har forslagsrett. Funksjonsperioden skal gjelde valperioden.

### Vurdering

Dersom kommunestyret vel opprykk som løysing, ved at nestleiar vert vald som leiar, må kommunestyret samstundes velje ny nestleiar. 1. varamedlem går då inn som fast medlem, 2. varamedlem rykkjer opp og varalista må supplerast med eit nytt varamedlem. Styret i NHF har her gjort framlegg om Christine Andersen som 2. vara, jf. skriv dat. 08.08.18.

Avgått leiar Anne Berit Kolås var også varamedlem til legat- og testamentstyret ved Meland sjukeheim. I samsvar med ULK-sak 67/2015 må RMF då peike ut nytt varamedlem til legat- og testamentstyret.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomi: Ikkje relevant i saka.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret gjer slikt suppleringsval til råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Som ny leiar vert vald:.....

Som ny nestleiar vert vald:.....

Som ny 2. vara vert vald: .....

Funksjonstida gjeld for valperioden.